

Forskrift om endring i forskrift om smittevern fagleg drift på byggeplassar, Alver kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av rådmannen i Alver 18. februar 2021 med heimel i lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsame sjukdommar § 4-1 etter delegert mynde frå formannskap jf. vedtak av 11. februar 2021.

I

I forskrift 11. februar 2021 nr. 382 om smitteverntiltak, Alver kommune, Vestland vert følgjande endringar gjort:

§ 3, nytt 8. ledd skal lyde:

Leiinga i verksemder som er lista i DSB sin definisjon av samfunnskritiske funksjonar, må sjølv gjera unntak for eige nøkkelpersonell når dette er strengt nødvendig for å oppretthalda forsvarleg drift av kritiske samfunnsfunksjonar.

II

Endringane trer i kraft straks.